**Årsmelding for Songlaget Alvidt/Manger 2016**

Det nye året starta med nyttårskonsert i Knarvik, 17. januar 2016. Etter nyttårskonserten fekk vi ny dirigent: Tone Lise Moberg. Ho søkte permisjon frå august og ut året. I denne perioden har Ann Jorunn Hopen Hillersøy vikariert.

Styret har hatt 2 medlemsmøte og 8 styremøte i perioden. I tillegg har det vore ein del arbeidsmøter.

Konstituering av styret 2. februar:

Leiar: Marit-Gro Berge
Nestleiar: Anne Marie Midtbø
Kasserar: Rigmor Korneliussen
Skrivar: Marit Anne Bysveen
Noteforvaltar/styremedlem: Gerd Lillian Reigstad

Koret har hatt følgjande aktivitetar:

1. Avslutningsfest for dirigent Liv Skoglund hos Mary Hosøy i januar (deilig fiskesuppe).
2. Vårkafé laurdag 7. mai, med vårsangar, quiz for heile familien, kaffe og kaker og allsang.
3. Konsert på sjukeheimen i Knarvik onsdag 1. juni, med allsongar og korsang. Helge Korneliussen spelte trekkspel til.

4. Songarstemne på Os 21.-22. mai. Koret hadde 15 påmelde deltakarar. Vi song i Os kyrkje, Amfisenteret og singers corner på Osøyro.

5. Hyggeleg sommarfest hos Tutti. Korgfest med mykje god mat.

6. Haustfest i Kvamsvågen ungdomshus 5. november med 69 påmeldte. God stemning.

7. Ønskjekonsert i Knarvik 26. november, med ønskjesongar, dikt og kaker. Ann Jorunn arrangerte utlodding ? til inntekt for koret.

8. Julekonsert i Alversund kyrkje 4. desember.

9. Ververing:
   Utdeling av kor-informasjon på «Håtta –du» i februar.
   Song og utdeling av informasjon rundt Brekkeløypa i mai.
   Medlemsverving i Knarvik og på Manger i samband med program til ønskjekonsert.

Inntekter

Styret har søkt om Kulturmidler,( frist 1. mars) , VO-midler og momskompensasjon.

Komitéar og nemnder

Jubileumsnemnd:
Koret fyller 40 år i 2017 og det er oppretta ei jubileumsnemnd som skal kome med framlegg til repertoar i jubileumsåret: Mary Hosøy, Rigmor Korneliussen og Kjell Morken.

Turnemnd:
Koret vil markere jubileumsåret med ein tur til utlandet. Medlemmar i turnemnda: Torunn Hovden og Elin Nøttveit.

Det har vore eit aktivt år med mange aktivitetar. Planlagt juletrefest vart utsett til vinteren 2018 grunna for store ambisjonar. Hausten vart noko uroleg grunna stadige skifte av øvingsdag, -tid og stad.

31.12 2016 hadde koret 19 aktive medlemmar.

Marit Gro Berge leiar / Marit Anne Bysveen sekretær